



# *Samnanger historielag*

## *- Der gamalt og nytt møtest -*

## **Møtebok**

### **Frå årsmøte i Samnanger historielag 10.03.2020**

Møtet vart halde på Antons Kulturhistoriske senter på Frøland.  
Det starta kl. 19.00. 21 personar møtte.

### **Sakliste**

1. Møteleiar: Styreleiar Solvor Aadland vart vald.
2. Innkalling og saklista vart godkjend.
3. Referent: Skrivar Audhild Aadland Olsnes vart vald.
4. Tor Wold og Liv Røsseland vart valde til å skriva under møteprotokollen.
5. Årsmelding for 2019 vart lagd fram av skrivar og godkjend.
6. Rekneskapen vart lagd fram av kasserar Solvor Aadland og godkjend.
7. Medlemskontigenten inkludert årboka for 2021 blir 250 kr. for enkeltmedlemar og kr. 300 for familie, dvs som før.
8. Aktivitetar i 2020:
  - 10. mai - Vårtur til Voss, Mølstertunet og Hellebrotet.
  - 20 års jubileumsfeiring til historielaget vert på boksleppet før jul.
  - Hausttur til lokale kulturminne Hisdal/Ådland og Høysæter.
9. Val leia av Solveig Vassenden i valkomiteen.

#### Styret:

Helge Hisdal attval for to år.  
Audhild Aadland Olsnes attvald for to år.  
Trude Stadheim Kulild, ny, for to år.

Leiar: Solvor Aadland for eitt år.

Varamedlemmer: Attval av Tor Wold (1.vara ) Kristian Jørgensen ( 2. vara )  
Begge for eitt år.

(Bjørn Rykkje ikkje på val)

Revisorar:

Attval av Gisle G. Øye, for eitt år.

Fondsnemnd:

Tone Tysseland Holmefjord og Bjarne Hauge attvald. Begge for eitt år.

Redaksjonsnemnd:

Attval av Karin H. Steinsland og Liv Røsseland. Knut Ådne Røen og Asbjørn Moss er nye. Alle for eitt år.

Valnemnd: Solveig Vassenden og Brynjulf Hernes.

Tor Wold hadde eit interessant foredrag om Bronsealderen på våre trakter.

*Audhild Aadland Olsnes – skrivar:*

